

Frå
Bygdamøte i Indrefjorden
Gamle Romarheim-Urdal skulekrins
v/Signhild Dyrkolbotn (sekretær)
Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES
Telefon 90 68 01 00

Til
Lindås kommune

NY KOMMUNEPLAN FOR LINDÅS KOMMUNE – samfunnsdelen 2017-29

Utkastet til ny kommuneplan vart drøfta på to opne folkemøte, der alle i Indrefjorden var spesielt inviterte. Møta var på Romarheim bedehus 3. og 8. juli 2017. Det var godt frammøte, trass i at mange var bortreiste på ferie. I alt 25 ulike personar deltok på møta.

På møtene vart vi samde om ein uttale som Signhild Dyrkolbotn skulle reinskrive og sende til kommunen. Her er uttalen:

UTTALE FRÅ BYGDMØTE:

1. Bustadbygging (Merknad til strategi 30, 31, 56 og 57)

Det må vere høve til spreidd bustadbygging i kommunen også i framtida.

Spreidd bustadbygging er miljøvenleg, og bør stimulerast.

Både einskildtomtar og små felt i bygdesenter og nær arbeidsplassar er positivt.

At våre unge kan få bygge seg nye hus, er ein føresetnad for fortsatt liv i våre bygder.

Spreidd busetnad er ein føresetnad for å oppretthalde landbruk, matproduksjon, for kortreist mat og for kortreist foredling av alle ressursane på bygda. No kan Norge kjøpa det me vil frå utlandet, men det kan fort endrast. Landbruket må oppretthaldast og styrkast. Det gjer òg landet vakert.

Det er misforstått miljøvern å samle det meste av bustadbygginga rundt nokre få store senter. Maten oppstår ikkje i butikkar! Veksten rundt senter er tvert i mot med på å auka trøngen for transport av både råvarer og ferdige produkt rundt i ring. Satsinga på senter gjev oss ein innanlands «Ulands-økonomi», der distrikta vert råstoffleverandørar og Uland, medan byar vert lland og utplyndrarar. Folk vert umyndiggjort og framandgjort. Dei store næringslivsaktørane og andre «storheiter» gjer som dei vil i sine store system, utan at småfolk kan påverke eller skape særleg mykje sjølv. I bygda vert småkalainitiativ framleis verdsett. Det er i tråd med kommuneplanen sitt mål om folkehelse og medverknad på side 5 i planen.

Personbiltransport vert stadig meir miljøvenleg, med el-bilar og snart totalt utsleppsfree hydrogen-bilar. Derimot vil tungtransport, særleg dei største båtane, framleis ha store utslepp og tilhøyrande drivhuseffekt. Å skulde på personbilar og spreidd bustadbygging, er å rette bakar for smed! Kvifor tør ingen å ta tak i dei som verkeleg er skuldige? Dei som får oss til å køyre jordkloda rundt, og fram og attende, med mat og råstoff og saker og ting? Løysinga på klimakrisa er auka sjølvberging og levande bygder. Ein levande Indrefjord er ein del av den store løysinga.

Det samsvarar med målet om berekraft og «føre-var» i folkehelseprinsippet i kommuneplanen s. 5.

Område der me ynskjer å få eller behalda små bustadfelt: Romarheimsneset

Strokedalen mellom Romarheim og E39

Eikefjellet aust for Romarheim

Skredna nord for Vikanes

Midtneset mellom Vikanes og Eikefet

2. Omsorgsbustader og utleigebustader

Nye bustader i nærleiken av butikkar og servicesenter er attraktivt for mange. Ein omsorgsbustad på Ostereidet vil vere attraktivt også for mange av våre eldre og hjelpetrengande. Men nokre omsorgsbustader bør også byggast/leigast av kommunen i bygda. Sjølv om den kroppslege helsa sviktar, kan mange framleis vere ein ressurs og ein positiv, lyttande og forteljande person i sitt heimemiljø. Spesielt kan ein då ta vare på verdiar som ligg i det å vere ein «storfamilie».

På folkemøtet kom det fram ynskje om 4-6 omsorgsleiligheter på Romarheim, 2 i Dyrkolbotn og 4 på Vikanes. Generelt vart hus med fleire leiligheter etterlyste. Til dømes hus med 4-6 små utleige-einingar eller eigarseksjonar. Fleire godt vaksne personar på bygdamøtene sa at dei kan tenkje seg ein slik leilighet «i dag», slik at yngre folk kan flytte inn i dei store husa som dei no bur i, og ta vare på/driva eigedomane.

3. Næringsutvikling

Indrefjorden bør få dei beste ordningane for næringsutvikling, til dømes bygdeutviklingsmidlar og Innovasjon Norge-midlar. Vårt område liknar på Modalen og Masfjorden, og bør ha same vilkår. Indre Osterfjorden importerer arbeidskraft frå andre bygder. Det gjeld spesielt på Eikefetanlegga. Likevel har vi stor arbeidsløyse internt, og opplever stor fråflytting. Vi treng fleire arbeidsplassar og eit breiare spekter av inntektsgjevande aktivitet. Vidareforedling av jordbruksprodukt, skogsvirke, vasskraft (hydrogenproduksjon?) og dei andre ressursane bygda har, er særleg ynskjeleg å få til. Lokalt eigarskap og trygg eigedomsrett er godt grunnlag for langsiktig satsing og utbygging. For lokale folk er omsynet til neste generasjon og eiga bygd ofte vel så viktig som kortsiktig gevinst.

Konkret ynskje: Vi ynskjer eit næringsområde i nærleiken av Romarheimskrysset.

Døme på næringsaktivitet: bensinstasjon, storkiosk, kvileplass for trailarar med rom for overnatting og frukost, lokale for småskala produksjon og handtverk, utsal av geitost og andre gardsprodukt, og utleigerom for tenesteyting (frisør, konsulent/advokatverksemder...)

Det er ynskjeleg med ei vidare tilrettelegging for mottak av turistar og andre gjester, og tilbod til dei. Vike Camping må få gode forhold for å utvikle seg, herunder løyve til ombyggingar og nybygg. Det er også ynskjeleg med ei vidare utbygging av Dyrkolbotn Fjellstove, leirskole og gjestehus. Der vert skuleelevar og andre gjestar inviterte til å bli kjende med natur og levemåte i bygda før og no. Meir aktivt jordbruk og dyrehald heile året er ynskjeleg, slik at elevar kan delta i bygdaliv året rundt. Vidare utvikling av aktivitetstilbod, som planering av ein løype-trase for skigåing, ridesti og rullestol.

Vi ynskjer eit «levande museum» i bygda. Gamal kunnskap knytta til naturalhushald held på å gå tapt. Vi ynskjer ein stad der gamle ting og reiskap vert plasserte i ein naturleg samanheng, og der folk får prøve gamle arbeidsteknikkar, gamaldags matlaging og oppleve korleis folk levde før. Elevar frå leirskulen fekk oppleva litt av dette på Kvammabruket på Romarheim tidlegare. Eit liknande tilbod bør byggast ut i større målestokk og bli eit tilbod til alle. Dette må gjerast så skikkeleg og seriøst at det vert ein arbeidsplass for nokon. Levandegjering av sanddrift, skogsdrift og vasskraft er spesielt aktuelt i Indrefjorden.

4. Tryggleik

Innleiinga i kommuneplanen vektlegg forebygging av helseskader. To trafikksikringstiltak med veglys er då særleg viktige i Indrefjorden:

- a) Veglys langs E39 på strekninga Vettle-Urdal til Vikanes. Steinsprang og isklumper på ein smal veg med stor trafikk og ofte stor fart, gjer denne strekninga ofte svært farleg om vinteren.
- b) Veglys frå Leitet på Romarheim til E39. Denne bilvegen er smal og stummande mørk om vinteren, når den må brukast av vidaregåande elevar og andre som skal med buss.

5. Reguleringsplanar

Krav om reguleringsplan har stogga mange gode prosjekt, avdi utarbeiding av reguleringsplanar er særskilt kostbart og arbeidskrevande. I Lindås kommune sin arealdel av kommuneplanen frå 2011 er det teke inn ei rekke mindre prosjekt og stilt opp krav til desse, og på dette grunnlaget gjev arealdelen unntak frå vanlege krav om reguleringsplan. Dette er klok politikk som gjer det mogleg å få gjennomført gode prosjekt for folk som ikkje kan skaffe ein ekstra million til reguleringsplan i tillegg til prosjektkostnadene. Vi ber om at kommunen vidareførar denne gode politikken når arealdelen skal rullerast, og vurderer kritisk kor tid det skal stillast krav om full reguleringsplan. Krav i arealdelen om ein enkel utbyggingsplan må vere nok når det ikkje er mange interesser som skal samordnast.

6. Tenesteyting nær kunden

Me synest det er ille at fleire og fleire tenestefunksjonar forsvinn dess rikare Norge vert. Ikke berre frå Indrefjorden, men også frå Ostereidet. Det er langt for oss å fylge ungane til helsestasjon og tannlege i Knarvik. Før kunne elevar gå sjølv til tannlegen frå skulen. No må både born og foreldre ta seg fri lenge. Legesenteret på Ostereidet må oppretthaldast, og tannlegekontor og helsestasjon må tilbakeførast.

Ein del fagfolk ynskjer å tilhøyre eit stort, sosialt felleskap. Men å operere i flokk kan like gjerne vere til ulempe som til fordel for effektiviteten. Paradigmeskifte og nyoppdaginger opp gjennom historien er det oftast «einsame ulvar» som har stått for... I alle høve må det vere eit prinsipp at offentleg tenesteyting skal skje så nær kunden som praktisk råd. Tenesteytaren sine personlege preferanser må ikkje tilleggast større vekt enn den tenesta som skal utførast.

Dette handlar også om folk si verdighet; - både eldre og yngre skal kunne hjelpe seg sjølv i størst mogleg grad, og helst sleppa å be om transport og annan hjelp for å få gjort naudsynte ærend.

Både helsetenester, røysteplass og dei fleste gudstenestene i Vike kyrkje forsvann utan debatt. Det må bli slutt på oversentraliseringa som skjer i det stille. Sentralisering er inga naturlov, tvert i mot. Vi etterlyser ein open og faktabasert debatt om «vedtekne sanningar» om stordriftsfordelar.

Vikanes, 09.07.2017

*Signhild Dyrkolbotn/s
(sekretær)*